

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 22.02.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Kst. Administrerende direktør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Høring rapport frå Kvinnslandutvalget**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 007/17

**STYREMØTE:** 01.03.2017

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret stiller seg bak forslag til høyringsuttale og ber administrerende direktør oppdatere høyringssvaret i tråd med innspel som kom i møtet.

## Oppsummering

Kvinnslandutvalet la 1. desember fram NOU 2016:25 *Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten*. Det var fleirtall i utvalet for å vidareføre eit regionalt avgjerdsnivå i spesialisthelsetenesta, og å vidareføre helseregionane slik dei er i dag. Utvalet var delt når det gjaldt organiseringa innanfor helseregionane. Det var og fleirtall for å legge om eigedomsforvaltninga ved å etablere eigedomseiningar på regionalt nivå og innføre ei ordning med kostnadsdekkande husleige. I høyringsrunda har Helse Vest ikkje lagt opp til å gje ei samla høyringsuttale frå føretaksgruppa og Sjukhusapoteka Vest sender difor eigen høyringsuttale innan fristen 3.3.2017. I saka er vedlagt forslag til høyringsuttale der Sjukhusapoteka Vest stiller seg bak utvalet sin anbefaling om vidareføring av eit regionalt avgjerdsnivå samt at ein tilrår at gjeldande modell for organisering og styring av spesialisthelsetenesta vert vidareført.

## Fakta

I oktober 2015 nemnde regjeringa opp eit utval under leing av Stener Kvinnsland. Utvalet skulle utgreie korleis det statlege eigarskapet til spesialisthelsetenesta kan organiserast.

Utvalget la fram NOU 2016:25 *Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten. Hvordan bør statens eierskap innrettes framover?* til Helse- og omsorgsministeren den 1. desember 2016. Utgreiinga er sendt ut på høyring med frist 3. mars 2017. NOU 2016:25 kan lesast på [regjeringen.no](http://regjeringen.no).

Utvalet sitt mandat har vore å utgreie alternative modellar for korleis staten kan organisere eigarskapet til sjukehusa. Utvalet har også vurdert inndelinga i helseregionar, samt eigarskapet til, og forvaltninga av bygg.

Dei alternative modellane er vurdert opp mot sentrale vurderingskriterier.

1. Legitimitet for avgjerder
2. Effektiv utnytting av ressursar
3. Samhandling og medverknad

I tillegg er risiko ved implementering vurdert for alle alternative modellar.

Det var fleirtall i utvalet for å vidareføre eit regionalt avgjerdsnivå i spesialisthelsetenesta, og å vidareføre helseregionane slik dei er i dag.

Utvalet var delt når det gjaldt organiseringa innanfor helseregionane. Alternativa er å vidareføre dagens modell med egne styrer for underliggende helseføretak eller å avvikle styra og slå saman helseføretaka til eit regionalt føretak.

Det var fleirtall for å legge om eigedomsforvaltninga ved å etablere eigedomseiningar på regionalt nivå og innføre ei ordning med kostnadsdekkande husleige.

I brev frå Helse og omsorgsdepartementet fekk Helse Vest invitasjon til å gje uttale til forslaga i NOU 2016:25. Helse Vest har ikkje lagt opp til å gje ei samla høyringsuttale frå føretaksgruppa, men i staden opna for at helseføretaka i regionen gjev sine egne høyringsuttalar.

Styret i Helse Vest RHF handsama uttale frå Helse Vest RHF i styremøte den 20.februar 2017. Sjukehusapoteka Vest ynskjer å kome med eigen uttale og forslag til uttale til er vedlagt (vedlegg1).

### **Kommentar**

I forslag til uttale stiller Sjukhusapoteka Vest seg bak utvalet sin konklusjon om å vidareføre eit regionalt avgjerdsnivå i spesialisthelsetenesta og vidareføre helseregionane slik dei er i dag. Sjukehusapoteka Vest viser til utgreiing av nasjonalt sjukehusapotekføretak i 2016 som konkluderte med å vidareføre dei regionale sjukehusapotekføretaka grunna høg risiko og kostnader ved omorganisering, utan at klare gevinstar var identifisert. Sjukehusapoteka Vest er av det syn at apotekdrifta i spesialisthelsetenesta er best tent med ei sterk regional forankring og tett samhandling med lokale sjukehusføretak i regionen. Dette kan ein best oppnå med eit regionalt avgjerdsnivå.

Sjukehusapotek Vest vil sjå det som formålstenleg å vidareføre dagens modell der sjukehusapoteka er eige føretak eigd av helseregionen og med eige styre. Sjukehusapoteka Vest har vore eige føretak med eige styre sidan 2001. Dette har bidrege til openheit, offentlegheit og transparente prosesser i føretaket. Det er etablert gode system for involvering av medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta i føretaket. Dette har bidrege til gjennomføringskraft og effektivitet i nødvendige omstillingsprosessar med fokus på konsistent kvalitet og effektivitet i leveransar til sjukehus og kommunar. Sjukhusapoteka Vest peikar og på at styret, slik dette er samansett, aukar fokus og samarbeidet om apotekdrifta i regionen, noko som vil verte svekka om ein avviklar føretaket og styret.

### **Konklusjon**

Sjukehusapoteka Vest sender eige høyringssvar i samband med høyring av NOU 2016:25-Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten. I uttalen tilrår Sjukehusapoteka Vest at gjeldande modell for organisering og styring av spesialisthelsetenesta vert vidareført.

Vedlegg ; Forslag til høyringssvar frå styret i Sjukehusapoteka Vest HF